



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Saksbehandlar: Gøsta Hagenlund  
Telefon: 57 64 31 21  
E-post: fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato 11.6.2012  
Vår referanse 11/394 - 461.3

Halsvik Aggregates as  
Sløvåg  
5960 Dalsøyra

## Tilsynsaksjon pukkverk 2012. Inspeksjonsrapport – Halsvik aggregates

### Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: <b>Halsvik Aggregates as</b>	Organisasjonsnr.: <b>977 217 067</b> Eigd av: <b>977 213 630</b>
Stad og kommune: <b>Sløvåg, Gulen</b>	Kontrolldato: <b>25.5.2012</b>
Postadresse: <b>5960 Dalsøyra</b>	Løyvedato og internt nr.: <b>18.10.96 / 2012.032.I.FMSF</b>
Risikoklasse: <b>3 (varsel)</b>	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

### Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: <b>Steve Gibbons / 48 95 11 18 / steve.gibbons@aggregate.com</b>	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: <b>Gøsta Hagenlund, Anne Sigrid Loftesnes Harjo</b>
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

### Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 3 avvik og 1 merknad. Avvik og merknadar er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen **innan 31.8.2012**.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker atter at rapporten er motteke. Varsla kontrollgebyr vert då send via Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) for innbetaling.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
ass. fylkesmiljøvernsejef

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 55  
Org.nr 974 763 907

Anne Sigrid Loftesnes Harjo  
overingeniør

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

**Om kontroll frå ureiningstilsynet**

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved steinbrotet til Halsvik aggregates as i Sløvåg den 25.5.2012. Kontrollen er gjennomført som lekk i ein landsomfattande kontrollaksjon retta mot pukkverk, sand- og grustak. Aksjonen er koordinert av Klima- og forureiningsdirektoratet.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiding og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

**Definisjonar:**

<b>Avvik</b>	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
<b>Merknad</b>	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

**Oppfølging etter kontrollen**

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknadene og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **31.8.2012**. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknytning til våre merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

-----

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøloverket kan ein finne på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) eller vist til frå [www.klif.no](http://www.klif.no) (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

-----

Vi vil streke under at oppdatert oversikt over regelverk og fokus på vedvarande forbetringar vil på sikt styrke grunnlaget for sikker og lønsam drift. Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang og ønske lukke til vidare.

**Varsel om gebyr for kontroll**

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemdar med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Informasjonsark om gebyrsystemet vart delt ut på kontrollen. Merk at denne informasjonen gjeld verksemdar utan særskild utsleppsløyve.

Halsvik aggregates er ikkje risikoklassifisert i løyvet. Det vil seie at verksemda berre må betale gebyr etter lågaste sats i § 39-6, kr. 4 500,-.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til varselet innan 3 veker, reknar vi vedtaket som endeleg og faktura med innbetalingsblankett vert då sendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følge, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

### ***Varsel om plassering i risikoklasse***

På bakgrunn av dei observerte utsleppa av støy og støv, storleiken på uttaket, tal tilsette og behov for ivaretaking av råstoff og handtering av avfall, vurderer vi å plassere verksemda i **risikoklasse 3**.

Klassifiseringa vil ikkje ha noko å seie for behandling av ev. søknadar, men vil seie at gebyr for ein inspeksjon eller revisjon går fram av § 39-6 (kontroll som varer inntil ein dag) eller § 39-8 (systemrevisjon). Ein kan rekne med rutinemessig inspeksjon kvart 3. år i form av systemrevisjon eller dagsbesøk. I tillegg vil det kome inspeksjonar på grunn av hendingar, koordinerte aksjonsformar eller andre særskilde grunnar.

Vedtaket om risikoklasse vil verte gjort som løyveendring, seinast i samband med ev. endring av produksjonsramme m.m. (jf. merknad 1 seinare i rapporten).

### ***Offentlegheit av rapport***

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

### ***Avvik frå miljøvernregelverket***

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

**Avvik 1.** Vassutslepp frå sedimenteringsbasseng eller overflateavrenning har for høgt innhald av suspendert stoff, og målingar er ikkje utført i samsvar med krav

**Avvik frå:** Ureiningsforskrifta § 30-6, jf. § 30-9

### **Kommentarar:**

Verksemda har utsleppsløyve utan direkte avgrensing av suspendert stoff til vatn. Forskriftskravet om maks. 50 mg/l faststoff/suspendert stoff til vatn er strengare enn vilkåret i løyvet, og gjeld difor frå 1.1.2011.

Under verifikasjonen kunne kontrollørane observere sterkt blakka overflatevatn i sjøen som vart vurdert skjønsmessig å kunne innehalde meir enn 50 mg/l.

Verksemda har ikkje målingar av utsleppa i 2011 som kan dokumentere innhaldet av suspendert stoff/fast stoff til vatn. Etter det kontrollørane oppfatta, er det ikkje utarbeidd måleprogram, men dette skal vere under arbeid.

**Avvik 2:** Farleg avfall vert ikkje handtert i samsvar med krav.

**Avvik frå:** Avfallsforskrifta, §§ 11-5 og 11-8, jf. internkontrollforskrifta § 5

**Kommentarar:**

Verksemda leverer kvart år høvesvis mykje farleg avfall, i høve til oppslag på databasen Norbas. Mengda kan likevel synest å vere for varierende i høve til aktiviteten og i høve til leveringsplikta. Det kan såleis vere levert for lite farleg avfall i 2011. Vi vil likevel streke under at dette kan skuldast andre forhold som etterslep i registrering, feil føringar eller andre forhold verksemda ikkje kan ha kontroll over.

Verksemd av denne typen vil ha fleire ulike farleg avfallstypar. Døme er spillolje (både refunderbar og ikkje-refunderbar), kjøle-/frostvæske-restar, oljeureina masse, batteri, lysrøyr og sparepærar (inneheld m.a. ofte kvikksølv), sprayboksar (NB! "tomme" boksar er eigen farleg avfallstype), asbest, impregnert tre, m.m. Det er brot på leveringsplikta når alle farleg avfallstypar (over 1 kg i mengd) ikkje vert levert årleg til godkjent mottakar.

Farleg avfall er ikkje tilstrekkeleg merka.

Verkstadområdet gav eit uryddig og "grisete" inntrykk. Det var høvesvis større område med farleg avfall (spillolje) på bakke/golv der det ikkje var gjort tiltak - eller der tiltak ikkje var tilstrekkeleg, og der opprydding etter tiltak ikkje var gjennomført. (Nokre stader låg absorpsjonsmattar på golvet, desse var fleire stader gjennomtrukne med olje, utan at dei var tekne hand om og lagt i særskilt mellomlager for "oljeureina masse".)

Til orientering nemner vi dei sentrale krava til handtering av eige, farleg avfall. De vil finne nærare omtale på [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) og [www.nffa.no](http://www.nffa.no). Regelverket kan de finne på [www.lovdatabasen.no](http://www.lovdatabasen.no) eller via [www.klif.no](http://www.klif.no).

- "Forsvarleg handtering" vil seie innelåst, eller under tak og stengt område.
- Emballasjen må vere sterk nok til å tole all vanleg handtering og transport, og kvar avfallstype skal vere lagra for seg og vere tydeleg merkt med type innhald.
- De er ansvarleg for å fylle ut det godkjente deklarasjonsskjemaet – men kan få nødvendig hjelp frå dei som har lov å ta imot avfallet. Skjema får de hos dykkar avfallsmottakar eller frå Norsas
- For dei farleg avfallstypene de har driftsavtale med andre, held det å vise til skriftleg avtale og det vert den som yter teneste til dykk som må deklarerer avfallet som sitt eige.

Merk at handtering av farleg avfall må vere omtalt i internkontrolldokumentasjonen med omtale av mål, plassering av ansvar og skriftleg rutine for handtering og melding av ev. avvik.

**Avvik 3.** Internkontrolldokumentasjon har manglar, og delar ligg ikkje føre på norsk.

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta

**Kommentarar:**

Vi har fått tilsendt eit godt stykke arbeid på engelsk, som m.a. omtalar omsyn til miljøforhold (ytre miljø). På konsernnivå gir arbeidet inntrykk av å vere godt dokumentert i høve til krav i EN ISO-14000 standarden. Risikovurdering er også godt utarbeidd på konsernnivå.

Vi kunne ikkje sjå at dokumenta omtalar tilhøve til norske reglar, eller er utarbeidd på norsk (med unntak for rapportmal for "environmental inspections").

**Merknader**

Fylkesmannen har følgjande merknader:

**Merknad 1.** Produksjonsmengd og utsleppsløyve.Om produksjonsmengd

Produksjonen er i og dels over grensa i utsleppsløyvet på 1 mill. m<sup>3</sup> rekna som "pukk", dvs. ferdig produsert laus masse. Omrekna til ferdig produsert masse vil vi tru at vekt vil vere under 2 mill. tonn. Verksemda meldte for 2010 at de produserte 1,95 mill. tonn ferdig masse. I kontrollen vart det opplyst at kapasiteten er større og at de ønsker å produsere større mengd.

Om utsleppsløyve

Etter at kap. 30 i ureiningsforskrifta vart vedteke, har Fylkesmannen spurd dykk produksjonstilhøva for 2010. Dykkar svar er registrert her 7.2.2011, og viser at det – i samsvar med tidlegare gitt løyve, er ein høvesvis stor verksemd med stor produksjon gjennom året.

Forskrifta er etter sin ordlyd retta mot verksemder som vesentleg har utslepp/miljøutfordringar knytt til knuseverk og siktestasjonar. Større steinbrot og mineralindustri vil som oftast også ha andre og særskilte utfordringar, og storleiken utløyser eit behov for å setje ei årleg ramme for aktiviteten. Vi meiner det difor er behov for å regulere utslepp og miljøpåverknader frå verksemda med særskild utsleppsløyve. Denne vurderinga vil då vere i samsvar med vår vurdering for dei andre store steinbrot/mineralindustri-anlegga i Sogn og Fjordane.

Vidare prosess

Verksemda bør etter vårt syn vurdere å søke om nytt utsleppsløyve. Etter vårt syn kan søknaden vere høvesvis kortfatta og omtale m.a.:

- omtale av verksemda og aktivitetar, bruk gjerne meldeskjema de fekk utlevert under kontrollen (ev. berre fyll ut dei delane som ikkje vart omtalt av dykk i rapporteringsskjemaet for 2010)
- dei konkrete endringane i ramme, basert på estimat på reelt behov for dei neste 4 – 8 åra. Ramma vil verte sett som tonnmengd.
- vurdering av om det er behov for endring vilkår i høve til standard vilkår for pukkverk som går fram av kap. 30 i ureiningsforskrifta
- dykkar vurdering av utslepp til vatn, ev. analyse av suspendert stoff
- dykkar vurdering av resipienttilhøve i sjøen, ev. supplert med dokumentasjon på omfang av ev. nedslamming
- dykkar vurdering av oppsamlingskapasitet rundt tankar/IBC-conteinarar/ev. tankfarm for flytande innsatsstoff